

Rosendal/Uskedal mønstra eit svært ungt mannskap då dei spela første treningskampen for sesongen i helga. Motstandar var Ternen, og kampen vart spela på Kvednabekken kunstgrasbane på Husnes. Heile 9 debutantar fekk prøva seg i A-lagssamanheng, og det unge Rosendal/Uskedal-laget gjekk seirande ut av naboduellen. Dei vann kampen 2 – 1.

Spelende trenar Håvard Sætrevik, som scora begge måla, seier at det var godt å koma i gong med å spela kampar. – Me får sjå kor me står. Det er tydeleg at me ikkje spring nok; me er ikkje godt nok organisert så me har mykje å gå på både offensivt og defensivt. Me har og ein del rutinerte spelarar i bakhand, og med dei på plass kan me få ei fin blanding av unge og eldre spelarar.

Håvard Sætrevik fortel vidare at ein av dei ni debutantane var uskedelingen Jørgen Moberg. – Han spela heile kampen, og kom godt frå det. Han vart betre og betre utover i kampen.

Sætrevik reknar og med at fleire unge uskedelinger kjem til å få prøva seg på A-laget i løpet av sesongen.

Neste treningskamp vert 2.mars. Då tar Håvard Sætrevik laget sitt med seg til Bømlø for å måla krefter mot Finnås.

-Thor Inge Døssland